VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

# SKULEGUIDEN

## 2015-16

# REDAKSJONEN



# HELSING FRÅ 2MK1

Kjære deg, du som sit spent og nyfiken med denne flotte katalogen komfortabelt planta i handa.

Her har du produktet av seks veker med hardt arbeid, kreativitet og samarbeid samla på 108 sider. Vi er stolte over å kunne presentere for deg: Skuleguiden 2015!

Vi i 2MK1 har vore delt inn i fem grupper: Foto, innhald, marknadsføring, design og produksjon. Saman har vi vore ei lita mediebedrift som har prøvd å lage ein organisert, kul og banebrytande skuleguide for nettopp DEG. Vi vonar at han vil bli aktivt brukt som eit praktisk oppslagsverk i skulekvardagen, og at du i framtida ser attende på han med eit stort smil om munnen!

Det grafiske konseptet for årets skuleguide er "Street Art", eller "gatekunst". Dette må ikkje forvekslast med graffiti og hærverk (som rektor forresten slår sterkt ned på). Street Art er snarare ei kunstform. Og vi har freista å vere litt kreative med denne kunstforma ved å kombinere fysiske objekt i forgrunnen med digitale bakgrunnar laga i Photoshop, og såleis skape ein "utvida røyndom" der desse blendar saumlaust saman. Største inspirasjonen har vore gatekunstnaren "Banksy". Hans enkle og distinktive stensilteknikk har hjelpt oss med å få til eit helskapeleg og gjennomført design.

Innhaldsmessig har vi heltar/idol som ein raud tråd, noko som støttar opp under skulen sin visjon - "Mot høgare mål". Og tradisjonen tru har vi spurt elevane om eit stikkord som skildrar kva dei LIKAR.

Vi håper at nettopp DU utnyttar ditt potensiale, siktar høgt og får eit framifrå skuleår!


ELEVRÅDET
ENGASJER DEG!

# HELSING FRÅ ELEVRÅDSLEIAREN

Velkommen til et nytt skoleår! Jeg håper virkelig alle sammen vil trives kjempegodt på Volda videregående skole.

I tider der mobbing på sosiale medier ofte er vanligere enn annen mobbing vil jeg komme med en oppfordring til alle elevene på skolen: Meld fra med en gang dere ser noe som kan likne på dette eller annen form for mobbing! Det er så viktig å ta vare på hverandre, og det kan bety så mye for den som blir utsatt for det.

Respekt, omtanke, empati og forståelse. Dette er ord som ofte brukes for å inspirere til en god skolehverdag. Jeg vil gjerne at vi skal ta oss tiden til å tenke over hva disse ordene egentlig står for, og hva som ligger i dem. La oss alle fylle disse ordene med innhold for hverandre slik at vi kan ta dem med oss på vår vei mot høyere mål. - Elias Brosstad

# ELEVRÅDSSTYRET

LEIAR: Elias Brosstad
NESTLEIAR: Tomas Håndlykken
SKRIVAR: Elida Hjelseth
STYREMEDLEM: Lasse Strand Gule
STYREMEDLEM: Viggo Brevik
STYREMEDLEM: Kristoffer Myklebust Egset
STYREMEDLEM: Marie Moe Myklebust
STYREMEDLEM: Frida Mork Topphol
STYREMEDLEM: Thomas Delbekk
STYREMEDLEM: Mathilde Sjøhelle Eiksund

# TILLITSVALDE

1MK1: Silje Birkhol, 2MK1: Erika Aamås, 3MK1: Camilla Venes, 1MU1: Charlotte Rimstad, 2MU1: Elida Hjelseth, 3MU1: Tomas Håndlykken, 1SA1: Sigurjon Bjarni Sveinsson, 2SA1: Julia B.-Meliszowicz, 1ST1: Stinus Øverbø, 1ST2: Lasse Gule, 1ST3: Thomas Delbekk, 1ST4: Mathias Finnes, 2ST1: Marie Myklebust, 2ST2: Karen Johanne Vollsund, 2ST3: Kristoffer Egset, 3ST1: Mathilde Eiksund, 3ST2: Synnøve Rotevatn, 3ST3: Marie Heggestad, 3ST4: Ida Kristine Bae, 3PB1: Viggo Brevik, 3PB2: Daniel Løseth

# REKTOR



# TANKAR FRÅ TAKET

KVA ER DI ROLLE VED VOLDA VGS?
- Rektorjobben er særs allsidig og har greiner både innover og utover i samfunnet. Eg ønskjer å utvikle skulen som ein aktiv deltakar i lokalt samfunns- og næringsliv og samarbeider med tilsette og elevar om å skape eit godt lærings- og arbeidsmiljø.

KVA KAN DU HJELPE ELEVANE MED?
- Mi rolle er «mellom barken og veden», i mange samanhengar. Eg arbeider for god kvalitet, god ressursutnytting og auke i ressursane for å vidareutvikle skulen. Eit godt, trygt og profesjonelt læringsmiljø er mitt totalansvar, og dette går eg nesten dagleg i kamp for å medverke til.

KVA FORBIND DU MED HØGARE MÅL?
- Med det tenkjer eg at livet er ei danningsreise, der skulen kan bidra både med fagleg kunnskap og ulike dugleikar. Vi utviklar oss som menneske i samspel med andre, og målsetjinga må først og fremst vere at vi alle skal bli gagns menneske ut frå våre føresetnadar og modning. Då har vi nådd våre høgare mål, og er rusta til å ta fatt på nye utfordringar gjennom arbeid eller studiar.

NOKRE TIPS TIL ELEVANE?
- Alle er i same situasjon, og det einaste du kan gjere er å arbeide strukturert utan å la kjensla av stress stele energi frå læringsarbeidet. Ta deg tid til positive fritidssyslar som ladar batteria. 3-årig vidaregåande skule er ein formidabel langspurt.

KVA BETYR SKULEGUIDEN FOR SKULEN?
- Skuleguiden er ein sterkt positiv miljøfaktor, i tillegg til eit viktig hjelpemiddel for mange av oss som arbeider på skulen. Guiden er også ei merkevare for skulen som syner att i heimane, og som fortel noko om oss som skule. Ein skule utan Skuleguiden ville vere ein langt fattigare skule!


LEINGA
Champion

# VIKTIGE TANNHJUL

I tillegg til rektor sit også våre fem avdelingsleiarar i skuleleiinga. Saman har desse ansvaret for at hjula på skulen går rundt.

JAN TERJE EIDSET er avdelingsleiar for medium og kommunikasjon (MK) og musikk, dans og drama (MU). Jan Terje har elles ansvar for m.a. timeplanar og heilårsplanar til alle klassene på skulen.

KRISTIN BAKKE SÆTERÅS er avdelingsleiar for service og samferdsel (SA), tilrettelagt klasse (TK) og kroppsøvingsseksjonen. Assistentar og støttelærarar på skulen er òg eit av ansvarsområda til Kristin.

JØRUND FET er avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag. Han er også kontaktperson for Operasjon Dagsverk, russen, elevrådet og andre elevorganisasjonar. Jørund er også heildagsprøveansvarleg.

LISBET OSE er avdelingsleiar for realfag og språkseksjonen, og kontaktperson for oppfølgingstenesta. Ho er også ansvarleg for eksamensgjennomføring, vitnemål og inntak, samt det å sørgje for at alle får dei valfaga dei skal ha.

OLAV TRANDAL er avdelingsleiar for IT-drift og merkantil. Treng du hjelp til å installere eit program, eller har du trøbbel med dataen? Då er Olav rette mannen og gå til. Han rår elles alle elevar til å bruke nettverket med vit.

Helten til Jan Terje: Tante Siv Mariann
Helten til Kristin: Mamma og pappa
Helten til Lisbet: Yoga-trenaren hennar
Helten til Jørund: n/a
Helten til Olav: Trond Hjelseth


KONTORET
VITNEMÅL

## "VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE, VÆRSÅGOD?"

Om du ringjer til skulen eller oppsøkjer skulekontoret, så vert du møtt med ei hyggjeleg stemme og eit smil.

Ned trappa ved kantina og til høgre (ved sidan av biblioteket) finn du nemleg dei kjekke damene Anne-Grete og Gerd Sofie - og litt lenger borte sit Eli på sitt kontor. Desse kan hjelpe deg med mellom anna timeplanar, skuleskyss og svare på spørsmål om stipend. Dei har også god oversikt over kvar alle elevar og tilsette etter planen skal befinne seg, så om du leitar etter nokon er dei der for å hjelpe deg - ingen spørsmål er for dumme! Dei kan også framskaffe dokumentasjon for at du er elev på skulen, slik at du kan nytte deg av ulike studentrabattar.

I tillegg til dei reine servicefunksjonane, arbeider sekretærane også med rekneskap, løn, ajourføring av administrasjons-system, eksamen for elevar og privatistar, vitnemål og mange andre oppgåver.

Hjå kontoret kan du dessutan få kjøpt både Skuleguiden og Musikalen, både for inneverande og tidlegare år.

Kontoret held ope mellom kl. 08:00 og 15:10 kvar dag, og er også på jobb nokre veker etter at elevar og lærarar har tatt sumarferie.

Helten til Eli: Mamma
Helten til Gerd Sofie: Mamma
Helten til Anne-Grete: Lisjebroren Trond

Tlf.: 700 59 301


RÅDGJEVARANE
Velg smart!

# RÅDVILL?

I første etasjen i klasseromsfløya finn du kontora til rådgjevarane, Kristian og Randi. Rådgjevingstenesta er ei elevteneste FOR elevane, og har eit tett samarbeid med heile skulesystemet.

Rådgjevarane kan gi råd om studie- og karriereval, dei kan hjelpe deg om du har vanskar som påverkar skularbeidet og faglege prestasjonar, og dei lyttar elles til andre problemstillingar du ynskjer å snakke om. Rådgjevarane har teieplikt, noko som vil seie at det de snakkar om forblir innanfor dei fire kontorveggane.

HUGS: Det finst alltids råd, ingen spørsmål er for dumme, og ingenting er umogleg!

# TREFFTIDER

| TIME | MÅNDAG | TYSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | | | | | |
| 2 | Randi | Randi | Kristian | | |
| 3 | Randi | Randi, Kristian | Kristian | | Randi |
| 4 | Randi | Randi, Kristian | Kristian | | Randi |
| 5 | Kristian | Møte | Kristian | Møte | Randi |
| 6 | Kristian | Randi | Kristian, Randi | Kristian | Randi |
| 7 | Kristian | Randi | Kristian, Randi | Kristian | |
| 8 | Kristian | Randi | Kristian, Randi | Kristian | |

Tlf. Kristian: 700 59 324
Tlf. Randi: 700 59 323

Kristian sin helt: Dronning Elisabeth
Randi sin helt: Barnebarnet Lukas


HELSESØSTER
PSYKOLOGISK
FØRSTEHJELP
ungdom

# SOM EI GOD SØSTER

Alle treng stundom nokon å prate med. På Volda vgs er vi så heldige å ha helsesøster Lisbeth Hoggen Totland.

Du finn henne i første etasje i klasseromsfløya på øvre bygg. Til ho kan du kome om du har ting du lurer på vedrørande helse og seksualitet eller sosiale utfordringar. Jobben hennar inneber samtalar med alle vg1-elevane, ho kan gi prevensjonsrettleiing, og ho kan også hjelpe elevane med å få hjelp frå andre institusjonar.

Hugs at ingenting er for dumt å spørje om, og at helesøster har teieplikt!

Lisbet sitt fremste råd er å ta vare på eiga helse. Pass på å få nok søvn og ein god frukost, då får du ein bra start på dagen.

Lisbet har kontortid på skulen heile dagen måndagar og onsdagar. Ta kontakt på telefon, SMS eller e.post for å avtale eit møte.

Tlf.: 700 59 325
Mobil: 974 27 278
E-post: helsesyster@volda.vgs.no

Andre dagar er Lisbet å treffe på tlf. 700 58 820.

Du kan også kontakte Helsestasjonen for ungdom. Helsestasjonen held til på rådhuset i Volda, og er open kvar tysdag frå 15:00 til 16:30.

Facebook-sida til Helsestasjonen for ungdom Ørsta/Volda: facebook.com/hfuorstavolda

Lisbet sin helt: Are Kalvø


BIBLIOTEKET

# DEN INTELLEKTUELLE MØTESTADEN

Biblioteket finn du til høgre for kantina ned trappa. Der møter du den kjekke bibliotekaren vår, Heidi Holen. På biblioteket kan du gjere lekser, drive gruppearbeid, bruke leksika og andre oppslagsverk. I tillegg kan du lese bøker og aviser - og sjølvsagt: låne med bøker heim. Her kan du velje blant eit stort utval av både skjønnlitterære bøker, fagbøker, e-bøker, lydbøker, filmar, aviser og tidsskrift.

Heidi kan hjelpe deg med mykje. Om du skulle trenge hjelp til å finne informasjon til eit fag eller emne, eller berre vil ha eit godt lesetips, kan du spørje henne om det. Ho kan også hjelpe deg med å søke i ulike databasar, og dersom du ikkje finn den informasjonen og bøkene du treng her, kan ho hjelpe deg med å skaffe bøker frå andre bibliotek.

Tips til bestilling av bøker tek ho gjerne imot, så det er berre å kome med forslag!

Biblioteket har ein stille lesesal der det skal vere god arbeidsro, samt ein sofakrok der ein kan spele spel eller berre sitje og slappe av. Kopimaskin, skrivar og skannar finn du òg her. Det er biblioteket som har ansvar for skulepc-ane og anna datautstyr.

Du kan kontakte biblioteket via e-post på bibliotek@volda.vgs.no, sende personleg melding på Fronter eller ringe 700 59 310.

Opningstider: Måndag-fredag 08:00-15:10. Lesesalen er open også utpå ettermiddagen.

Heidi sin helt: Ivar Aasen


KANTINA
SJOKO
MELK

# MYKJE Å BY PÅ

Kantina ligg i vestibylen på øvre bygg og er ein naturleg samlingsstad for elevane i friminutta. Her møter du dei blide damene Frøydis, Else-Marie, Cecilie og Monika.

I kantina finn du noko for ein kvar smak, alt frå frukt og baguettar til sjokoladekake og drops. Du får kjøpt både sunn og god mat til ein rimeleg pris. Alt overskotet i kantina går forresten tilbake til elevane.

Kantinepersonalet ynskjer at elevane skal rydde skikkelig opp etter seg, og ha pengane klare før dei kjem fram til kassa for å hindre kø. Dei ynskjer også at dei som skal ha noko enkelt eller varmmat, skal kome direkte til kassa, i staden for å vente gjennom heile køa. Dei som må ha vegetarmat eller har allergi kan snakke med kantina om tilrettelagt mat.

Kantina låner også ut kortstokkar og tek gjerne i mot matynskjer frå elevane.

Prisar på nokre av dei mest kjøpte varene i kantina er:

- Nudlar i kopp: 25,- kr
- Pastasalat: 30,- kr
- Sjokomjølk: 15,- kr
- Iste plastflaske: 25,- kr
- Ostebaguette: 25,- kr
- Tacobaguette 25,-/35,- kr
- Pizza: 30, -kr

Felles helt for alle i kantina: Mødrene deira

Kantina er open frå 8:10 til 13:30 kvar skuledag.

# VAKTMEISTRANE



# FIKSAR DET MESTE

Ronny og Rune er skulen sine faste vaktmeistrar. Ser du noko som har blitt måla, skrudd, spikra eller fiksa på, så er det desse kjekke og nevenyttige karane som har vore ute på oppdrag.

Dersom du treng hjelp med noko teknisk eller praktisk, for eksempel å få fiksa låsen på skåpet ditt, er det berre å spørje vaktmeistrane. Dei fiksar det meste du skulle trenge hjelp til.

Vaktmeistrane sin jobb er å ta seg av all slags vedlikehald på skulen og arealet rundt. Plenklipping, snømåking og andre "handyman"-oppgåver er det også dei som står ansvarlege for.

Kontoret og verkstaden til vaktmeistrane ligg rett ved den vestlege inngangen på øvre bygg, men du finn dei som oftast i full aktivitet i- eller omkring skulebygga, der det stendig er vedlikehald som må gjerast. I "vaktmeistarbuda" har dei det meste av verkty, og disponerer også ein varebil dersom det skulle vere behov for det.

Så berre slå på tråden om det er noko du treng hjelp til, så stiller vaktmeistrane villig opp!

Tlf. Ronny: 934 11 467
Tlf. Rune: 912 43 556

Ronny sin helt: n/a
Rune sin helt: Bob Dylan


REINHALDARANE

# HELD SKULEN REIN OG FIN

## Har du nokon gong lurt på kven som låser opp dørene, grytidleg kvar dag? Det er nemleg reinhaldarane!

Dei kjekke damene som hjelper oss med å halde skulen rein og skinande er Kirsten, Grete, Margun og Leonora (Bente og Monika er ikkje med på biletet). Dei er førstemann på jobb og må kome snøgt i gang med arbeidet for å rekke alt dei skal gjere i løpet av ein dag. Det er viktig at skulen er rein og helsevenleg til ei kvar tid. Utan reinhaldarane hadde ikkje skulen vore like triveleg som han er i dag.

Det er viktig å hugse på at reinhaldarane sin jobb er å halde reint, ikkje å rydde etter dykk. Dei har eit stramt tidsskjema, og difor er dei avhengige av at alle elevar og lærarar er ekstra flinke til å rydde opp etter seg. Dersom du har mista verdisaker som mobil og bankkort, tek dei med seg dette til arbeidsrommet i kjellaren i klasseromsfløya. Andre ting som jakker og ladarar tek dei ikkje med seg, men du kan likevel spørje om dei har sett det du saknar.

Felles helt for reinhaldarane: Haakon Magnus

# MILJØFYRTÅRN

Volda vgs er "miljøfyrtårnsertifisert". Miljøfyrtårn er det mest brukte sertifikatet i Noreg for å dokumentere miljøinnsats og vise samfunnsansvar. Det var i mai 2013 at Volda vgs blei godkjent som miljøfyrtårn, etter å ha oppfylt alle bransjekrava gjennom ein årelang sertifiseringsprosess. Denne godkjenninga gjeld i 3 år.

# ØVRE BYGG



Vestibyla
Kantine
Festsalen
Lærarom
Kontoret
Leinga
Biblotek
Lesesal
Lydstudio
Fotostudio
Animasjons-
Studio
Kjemi
Biologi
Fysikk

# NEDRE BYGG


N101
N103
N105
N113
N114
N115
N116
N117
Kontor MK
Kopirom
Kontor MU
Personal-Rom

# LÆRARAR I FELLESFAG

1MK1: Hustvedt (norsk), Steinnes (engelsk), K. Stokke (naturfag), Robertsen (matematikk), To. Klepp (kroppsøving)
2MK1: G. Tafjord (norsk), I.-K. Kornberg (engelsk), Vårdal (samfunnsfag), Løfoll (kroppsøving)
3MK1: Brekke (norsk), Osdal (historie), Torheim (naturfag), Åm (matematikk), To. Klepp (kroppsøving)
1MU1: Løset (norsk), G. Tafjord (engelsk), Stokke (naturfag)
2MU1: Løfoll (norsk), Maurset (historie, samfunnsfag, geografi), To. Klepp (ergonomi)
3MU1: Kalland (norsk), Sørheim (historie), S. Holsvik (religion), To. Klepp (ergonomi)
1SA1: Løfoll (norsk), Vik (engelsk), O. Myklebust (naturfag), Øye (matematikk), To. Klepp (kroppsøving)
2SA1: G. Tafjord (norsk), I.-K. Kornberg (engelsk), Vårdal (samfunnsfag), Løfoll (kroppsøving)
1ST1: Løfoll (norsk, kroppsøving), G. Tafjord (engelsk), Åm (naturfag), Myrene (geografi), Maurset (samfunnsfag)
1ST2: Festø (norsk), Vik (engelsk), M. Myklebust (naturfag), Sørheim (geografi, samfunnsfag), Rotevatn (kroppsøving)
1ST3: Osdal (norsk), Vik (engelsk), O. Myklebust (naturfag), Myrene (geografi), Vik (samfunnsfag), To. Klepp (kroppsøving)
1ST4: Trovåg (norsk), G. Tafjord (engelsk), Osvoll (naturfag, geografi), Maurset (samfunnsfag), To. Klepp (kroppsøving)
2ST1: Festø (norsk, historie), To. Klepp (kroppsøving)
2ST2: Fet (norsk), Osdal (historie), Rotevatn (kroppsøving)
2ST3: Bjørkedal (norsk), Sørheim (historie), Rotevatn (kroppsøving)
3ST1: Løset (norsk), Bjørkedal (historie), Hestholm (religion), To. Klepp (kroppsøving)
3ST2: Austrheim (norsk), Digernes (historie), Hestholm (religion), Rotevatn (kroppsøving)
3ST3: Bjørkedal (norsk), Brekke (historie), Hestholm (religion), K. Holsvik (kroppsøving)
3ST4: Brune (norsk), Osdal (historie), Maurset (religion), Løfoll (kroppsøving)
3PB1: Austrheim (norsk), Festø (historie), B. Sæterås (naturfag, matematikk), Rotevatn (kroppsøving)
3PB2: Mork (norsk), Maurset (historie), Øye (naturfag, matematikk), K. Holsvik (kroppsøving)

MATEMATIKK VG1 ST OG VG1 MU: O. Myklebust, M. Myklebust, Vorren (1P), B. Sæterås, Osvoll, Vagizova (1T)

IKKJE TIL STADES: Svein Erik Aamås, Karl Alsaker, Marit Brekke, Kai Johannes Evensen, Anja Heggen, Bente Elin Johnsen, Trond Klepp, Alexander Minkov, May Charlotte Myklebust, Olav Sandanger Myklebust, Anders Nilsen, Einar Yngve Opsvik, Nils Ose, Hanne Stokke, Igor Terzic, Ayne Vagizova, Renata Nagy Vynikalova


SEE YOU
AGAIN


WHAT DO
YOU MEAN?
Cheerleade
TAKE ME
TO CHURCH
2015


BAHL
PAPPA
MORMOR


HOL
DAMMA
SOFIE
HELT(NE)
TRUMP








MEDIUM OG
KOMMUNIKASJON


CORE
75


Erika
Vatne Aamås
♥ B
★ Jens August


Therese Lovise
Aarskog
♥ Fjellvatn
★ Cara Delevingne


Daniel Martin
Aasen Akogyeram
♥ Pepsi max
★ Bahl


Knut Espe
Bae
♥ Senga mi
★ Bahl


Martin Kumar
Heggen Bahl
♥ Chicken
★ Curry


Silje
Blomvik
♥ L
★ Michael Scofield


Erik
Breiteig
♥ Spelutvikling
★ Mathias Hole


Helene Louise
H. Dammerud
♥ Hundar
★ Dog of Wisdom


Jonas Rachid
Ellingsgård
♥ Dave
★ Grohl


Marie
Haugen
♥ Rare Pepe
★ Dan Howell


Simon
Grøtta Helset
♥ Mat
★ Icejjfish


Anna
Romestrand Hjelle
♥ Bumpy Ride
★ Mamma+Pappa


Solveig
Finnes Holkestad
♥ Dragon Age
★ Ross Poldark


Bernt Olav
Maballo Klokk
♥ Bilen min
★ Bahl


Malin
Nordby Kvamme
♥ Ananas
★ Bestefar


Stine
Voldsund Løseth
♥ NAM NAM
★ Hannah Montana


Jonas
Otneim Myklebust
♥ Puseline Mariann
★ Bestemødrene


Elias
Nygård
♥ Gitar
★ Håvard


Michael
I. Persson
♥ Rent norsk
★ Kildevann


Martine
Leine Rafteseth
♥ A
★ Pappa


Maria
Nautvik Reite
♥ Brus
★ Walter White


Hallvard
Widerøe Rotevatn
♥ Brænne saft
★ Eddie Vedder


Chris
Skjærvik
♥ Ananas
★ Phil Lester


Sondre
Riise Åm
♥ Skule
★ Lærarane

# 2MK1

KONTAKTLÆRAR: Torill K. Tafjord


SONOR


MUSIKK
DANS OG DRAMA




SERVICE OG
SAMFERDSEL


hummel

# STUDIE-SPESIALISERING





# Spar litt kvar gong du brukar kortet

Slit du med å få til sparing? Då kan mikrosparing kanskje gjere det lettare. Med mikrosparing sparar du kvar gong du brukar kortet ditt. Det er så enkelt at du knapt merkar det! Du vel sjølv kor mykje du vil spare kvar gong du brukar kortet.

**Start sparing på sparebanken.no**

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE




vartdalplast.no




VI UNDERVISER I:

- klasse B
- klasse BE
- automatgir
- klasse M
- trafikalt grunnkurs
- seniorkurs

Åpningstid på kontoret:
**13.00-16.00 mandag-fredag**

Snippa 2, 6100 Volda   tlf: 70 07 90 10   mob: 91 34 99 11
www.trafikkskule.no   trond@trafikkskule.no


VI BRYR OSS !!
TLF 450 85 450
DRIVE-TRAFIKK.NO
-Trafikalt Grunnkurs
-Mørkekjøring
-Teorikurs
-Førerkort klasse B
Manuelt/Automatgir
Ta kontakt så
hjelper vi deg gjerne :)
DRiVE
TRAFIKKSKULE

Nordea

nettbuss
TIMEkspressen

# Rotevatn Trafikkskole

**Vi har følgjande opplæringstilbod:**

- Personbil
- Personbil m/hengar
- Motorsykkel – alle klasser
- Moped
- Trafikalt grunnkurs
- Mørkekøyring
- Førstehjelpskurs
- 65 + Oppfriskingskurs
- Automatgir

Vi tilbyr familierabatt og rabatt på ditt førarkort nr.2

Vi tilpassar opplæringa etter ditt behov.

Kom innom kontoret vårt i Snippa 3 for ein hyggeleg prat!

**Telefon: 70079500 / 91553694**
**e-post: post@rotevatntrafikkskole.no**
**www.rotevatntrafikkskole.no**



# BONDHUS TRAFIKKSKULE

## Velg trivsel og kvalitet!

- Vi tilbyr opplæring i klassene AM146, T, B, BE og B96
- Hos oss kan du også ta trafikalt grunnkurs og mørkekøyringskurs
- I tillegg tilbyr vi kurset du treng for å kunne køyre 50 km-traktor

Hovudkontoret vårt ligg i Ørsta, men vi har også kontor i Fosnavåg. Køyretimar startar vi i heile distriktet: Ørsta, Volda, Fosnavåg, Ulsteinvik, Hareid.

**Ring 700 68 282 eller send e-post til bondhus.trafikk@gmail.com**

Scana
PROPULSION

CREATING PROGRESS



# Scana Propulsion ynskjer god framdrift i skuleåret 2015/16

Scana Propulsion AS · Hamnegata 24, Volda, Norway · +47 7005 9000 · propulsion@scana.no

MOE - RYSTE

TRAFIKKSKULE

printing


SUPERBURGER
Kom innom
Statoil Volda eller Statoil Ørsta
med rabattkupongen under og få
50% avslag
påSuperburger m. ost og bacon
ved kjøp av meny med drikke til
CIRCLE K
RABATTKUPONG
50%
på Superburger inkl ost & bacon ved
kjøp av meny inkl drikke
STATOIL

# NYTTIGE TLF.NR.

## SKULELEIINGA

| | |
|---|---|
| Trond Hjelseth | 700 59 303 |
| Kristin B. Sæterås | 700 59 307 |
| Jan Terje Eidset | 700 59 304 |
| Olav Trandal | 700 59 308 |
| Lisbet Ose | 700 59 305 |
| Jørund Fet | 700 59 306 |

## MERKANTILE TENESTER

| | |
|---|---|
| Skulekontoret | 700 59 301 |
| Biblioteket | 700 59 310 |
| Kantina | 700 59 311 |
| Vaktmeistrane | 700 59 313 |
| Reinhaldarane | 700 59 314 |

## ELEVTENESTER

| | |
|---|---|
| Helsesøster | 700 59 325 |
| Rådgjevar Randi | 700 59 323 |
| Rådgjevar Kristian | 700 59 324 |

| | |
|---|---|
| Voldahallen | 700 59 326 |

## LÆRARKONTOR

| | |
|---|---|
| MU | 700 59 322 |
| MK | 700 59 330 |
| SA/TK | 700 59 337 / 339 |
| Realfag | 700 59 332 / 333 |
| Kroppsøving | 700 59 333 |
| Samfunnsfag | 700 59 334 |
| Norsk | 700 59 335 |
| Språk | 700 59 336 |

## VIKTIGE DATOAR

| | |
|---|---|
| 3. - 11. okt | Haustferie |
| 21. okt | Global Dignity Day |
| 29. okt | Operasjon Dagsverk |
| 19. nov | Kyrkjekonsert MU |
| 19. des - 3. jan | Juleferie |
| 25. og 26. jan | Kulturell skulesekk |
| 15. - 19. feb | Musikalveke |
| 20. - 28. feb | Vinterferie |
| 29. feb - 4. mars | Kulturell skulesekk |
| 19. mars - 28. mars | Påskeferie |
| 1. mai | Fridag |
| 5. mai | KristiHimmelfartsdag |
| 15. - 17. mai | Elevfrie dagar |
| 17. jun | Siste skuledag |




VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE
VEVENDELVEGEN 35
6102 VOLDA

700 59 300
VOLDA.VGS@MR-FYLKE.NO

VOLDA.VGS.NO